

Representantskapsmøte i Sunnmøre Regionråd Interkommunale selskap 8. juni 2012

Den 8. juni 2012 vart det halde møte i representantskapet for Sunnmøre Regionråd.

Desse møtte frå representantskapet:

For Giske kommune: Varaordfører Olav Sindre Roald
For Haram kommune: Varaordfører Svein Harsjøen
For Herøy kommune: Varaordfører Tor-Sindre Steinsvik
For Norddal kommune: Varaordfører Per Magnus Berdal
For Sande kommune: Ordfører Dag Vaagen
For Sandøy kommune: Ordfører Hans Endre Sæterøy
For Skodje kommune: Ordfører Terje Vadset
For Stranda kommune: Ordfører Jan Ove Tryggestad
For Sula kommune: Varaordfører Trygve Holm
For Sykkylven kommune: Ordfører Petter Lyshol
For Ulstein kommune: Ordfører Jan Berset
For Vanylven kommune: Ordfører Jan Helgøy
For Vestnes kommune: Varaordfører Martin Kjøpstad
For Ørskog kommune: Ordfører Thorbjørn Fylling
For Ålesund kommune: Varaordfører Geir Stenseth

Meldt forfall:

For Stordal kommune: Ordfører Charles Tøsse og varaordfører Eva Hove

Desse møtte ikkje:

For Hareid kommune: Varaordfører Dag Audun Eliassen
Volda kommune ved ordfører Arild Iversen (observatør)
Ørsta kommune ved ordfører Rune Hovde (observatør)

I tillegg møtte:

Bjørn Sandnes, styreleiar Sunnmøre Regionråd og ordfører Haram kommune
Kari Grindvik, styremedlem Sunnmøre Regionråd og varaordfører Skodje kommune
Asbjørn Moltudal, rådmann Sande kommune
Olaug Flø Brekke, styremedlem Sunnmøre Regionråd og rådmann Ålesund kommune
Jan Kåre Aurdal, dagleg leiar Sunnmøre Regionråd
Vegard Sperre Austnes, rådgivar Sunnmøre Regionråd

Protokoll

1. Velkommen

Møteleiar og leiar for representantskapet i Sunnmøre Regionråd Dag Vaagen opna møtet.

2. Godkjenning av innkallinga. Innkallinga vart godkjent.

3. Godkjenning av sakliste. Det har kome til ei ny sak 5: Førebels innhald strategi for Sunnmøre Regionråd 2012-2015, ved Harald Espeland Tibe PR. Sak 5 vert sak 6. Saklista vart godkjent .

4. **Val av to representantskapsmedlemmar til å skrive under protokollen saman med møteleiar.** Ordførar Ulstein kommune Jan Berset og ordførar Sandøy kommune Hans Endre Sæterøy vart valt.

5. **Førebels innhald strategi for Sunnmøre Regionråd 2012-2015.** Ved dagleg leiar Tibe PR, Harald Espeland
Espeland la fram forslag til strategi for Sunnmøre Regionråd 2012-2015. Strategien har tre innsatsområder: Kommunale tenester, regional næringsutvikling og fremje felles interesser overfor stat og fylke.

Det skal vere eit nytt møte mellom Espeland og styreleiar og administrasjon i Sunnmøre Regionråd 14. juni 2012 for å arbeide vidare med strategien.

Det kom innspel om at Sunnmøre må framstå eintydig når det gjeld samferdsel. Stad skipstunnel vart nemnt som ei sak det er viktig å framstå samla om.

Forslag om å utvikle regional næringsplan for Sunnmøre vart vurdert som eit nyttig, men arbeidskrevjande, forslag. Styret vil vurdere dette. Vidare vart det trekt fram at det er viktig å forankre arbeidet i kommunestyra.

Det vart sagt at ein må unngå dobbeltarbeid når det gjeld interkommunalt samarbeid.

6. **Ålesund som nav for Sunnmøre – og mot verda.** Ved direktør for Møreforsking Roar Tobro

Tbro nemnte at Ålesund framleis er for liten befolkningsmessig til å skape nok attraksjonsverdi for Sunnmøre. Drivarane for suksess ligg i næringslivet, mellom anna i den maritime og marine næringa. Fiskerinæringa har vore viktig for utviklinga, og står framleis sterkt. Nok kompetent arbeidskraft er ei hovudutfordring for å kunne halde på utviklingsfunksjonane innan næringslivet på Sunnmøre. Sunnmøre har få innbyggjarar i kunnskapsintensive næringar i forhold til landsgjennomsnittet.

Fleire og fleire unge flytter frå Sunnmøre for å ta utdanning, men kjem ikkje tilbake til regionen. Dette er ei hovudutfordring for Sunnmøre. Dei som kjem til Sunnmøre for å ta utdanning blir verande her. Å bygge gode studiemiljø er viktig for å bygge attraksjon. Kunsten vert å bygge spesialisert utdanning og arbeidsmarked som gjer det attraktivt å flytte hit.

Ålesund kommune får ei auka betydning for å gjere Sunnmøre attraktivt nasjonalt og internasjonalt.

- Ålesund som lokomotiv.** Ved dagleg leiar for Reputation in mind Odd Harald Karlsen

Karlsen har gjennomført ei eksplorativ undersøking på vegne av Sunnmøre i framtida. Ålesund som lokomotiv har både ei rolle mot kommunane på Sunnmøre og ei rolle for Sunnmøre i forhold til verda elles. Tydeleg, raus, realistisk og gjensidig er nøkkeleigenskapar for funksjonen som regionalt lokomotiv jf. undersøkinga. Næringslivet er den største aktøren i forhold til lokomotivet. Suksessfaktorar er jf.

undersøkinga arbeidsplassar, samferdsel, næringsliv og samarbeid. Ei intern rolleavklaring på Sunnmøre vert viktig, ikke minst i forhold til å legge til rette for næringslivet. Eit område å arbeide med er å skape tillit i regionen om gjensidige mål med samarbeidet.

7. Årsmøte og rekneskap. Ved dagleg leiar for Sunnmøre Regionråd Jan Kåre Aurdal

Årsmeldinga vart gjennomgått side for side. Det vart oppmoda om at årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyra til orientering.

Vedtak: Årsmelding og rekneskap vart samrøystes vedteke.

8. Møteleiar heva møtet.

Leiar for representantskapet: Dag Vaagen

Representantskapsmedlem: Jan Berset

Representantskapsmedlem: Hans Endre Sæterøy

.....
.....
.....
.....

